

Sverre Pedersen — patriot og europear

av

Helga Stave Tvinnereim

Prof. ark. MNAL Sverre Pedersen (1882—1971) oppnådde å bli internasjonalt kjend for sitt arbeid med byplanlegging og bygging i mellomkrigstida. Han mottok utanlandske utmerkingar for sitt arbeid, og blei æresmedlem i fleire internasjonale fagorganisasjonar. I Noreg er namnet hans knytt til om lag 100 norske byar og tettstader som han har utarbeidd planar for. Vi finn dei i alle landsdeler. Blant norske byar hadde Trondheim ein særeigen plass for Sverre Pedersen.

I ein kort artikkel om Sverre Pedersen kan berre eit lite avgrensa utval av kunnskap om han kome med. Han var ein sterk personlegdom og hadde ein uvanleg arbeidskapasitet som gav han ei spennvidde utover daglege oppgåver. Hans humor og replikkar som var slagferdige på godt og vondt, skaffa han både vener og uvener. Hans meir private sider som t.d. omsorg for familien og religiøs legning er mindre kjente. Det er heva over tvil at innfallsvinklane til ein artikkel om han er mange, og valet er vanskeleg. Her har det falle på hans tilknytning til Trondheim, hans vilje til å skaffe planar til norske byar og tettstader og korleis han nytta si internasjonale orientering i lokale og nasjonale oppdrag.

Sverre Pedersen var fødd på Sandstad, Lademoen i Trondheim, og her voks han opp. Han stifta sin eigen familie i fødebyen, og her budde han mesteparten av sitt liv. Grunnutdanninga som arkitekt fullførte han ved Trondhjems tekniske læreanstalt i 1901. Etter ein del skiftande arkitektoppgåver og vidare utdanning, fekk han stillinga som stadsarkitekt i heimbyen i 1906. Kort tid etter tok han til å engasjere seg i byplanlegging, og etter kvart fekk dette fagområdet stadig større plass i hans arbeid. Frå 1913 kombinerte han stillinga i Trondheim kommune med undervisning ved den nyoppretta Noregs tekniske høyskole (NTH). I 1920 blei han utnemnd til professor i Bygningskunst ved høyskolen, og med han kom byplanlegging og planlegging av bustadhus for folk flest inn i undervisninga på arkitektlinja. No slutta han som tilsett arkitekt i heimkommunen, men tok på seg planleggingsoppdrag for ulike kommunar rundt om i landet. Desse utførte han ved sida av arbeidet ved høyskolen. I mange samanhengar var han Noregs offentlege representant ved utanlandske arrangement, og han deltok med eigne arbeid på inter-

nasjonale kongressar og byplanutstillingar. Med unnatak av krigsåra og ei tid etter krigen, brukte han kontoret sitt på NTH til sine siste leveår. Byplanlegging opptok han langt inn i pensjonsalderen. Han var ein etterspurd fagmann, og oppdraga var mange.

Sverre Pedersen gjorde sitt yrkesval på 1890-talet, ei tid som var prega av reaksjonar på det etablerte, av fin-de-siècle stemning og leiting etter nye visjonar og verdiar. Dette utbreidde fenomenet gjorde seg gjeldande også innafor arkitektur og byforming. På dette fagområdet tok ein avstand frå den planlause samansettinga av ulike historiske stilarter som hadde fått sin renessanse i løpet av 1800-talet og var blitt vanleg i Europa. Enkelte fagmenn markerte seg ved å publisere nye idear som vektla planlagd einskap og estetikk i bybiletet. Den austeriske arkitekten Camillo Sitte var ein av desse. Han var talsmann for å skape vakre byar, og hadde henta sine idear frå den mellomalderlege byformen. Elles i tysktalande land kom Jugendarkitekturen og Secessionstilen som andre døme på nyskaping og brot med historismen. I Frankrike fekk den nye tida sitt uttrykk i Art Nouveau, og dei britiske øyane hadde sin variant av den same moten.

I Noreg var sveitserstilen moderne saman med klassisistisk inspirerte bygningar, og Jugendarkitekturen sette sine spor. Med nyromantikken følgde fornyet interesse for eldre norsk byggeskikk og leiting etter ein nasjonal identitet. Ein del bygningar fekk ei blanding av Jugendstil og norske nasjonalromantiske element. Konflikt mellom det klassiske og tradisjonsbundne, 1800-talet sin mangel på heilskap og innslag av moderne idear avspeglar seg også her i byformen. Arbeid for ei medviten byplanlegging låg nede. Tida baud på store utfordringar for ein ung arkitekt. Det var nødvendig å finne ein sjølvstendig ståstad.

Den nyutdanna arkitekten Sverre Pedersen tok denne utfordringa. Han reiste mykje og blei kjend med dei fleste norske byane og svært mange utanlandske. Han utvikla interesse for utanlandsk byplanlegging og arkitektur gjennom studier, kontakt med enkeltpersonar og fagmiljø i andre land. Under bybesøka i utlandet jamførte han det han såg med norske bymiljø, han fekk idear som han overførte til norsk bygging. Av dei norske byane fann han Trondheim verdig som føredøme for andre. Oppfatninga hans av Trondheims fysiske byform hadde festna seg tidleg, og den endra seg lite med åra. Han var i vesentleg grad oppteken av måten sentrumsplanen frå 1681 var knytt til naturen og dei landskaplege om-

givnadene på. Planen gav byen ei form som makta å framheve det karakteristiske i topografi og landskap. Pedersen rekna Cicignon som meister for denne planen. Nyare forskning har dedisert den til Coucheron. Ravnkloa, Munkegata, var forma som ein utsiktsakse der Munkholmen og fjella på den andre sida av fjorden utgjorde ein fond i bybiletet. Likeins var Kongens gate open mot landskapet i aust og vest. Plassformen der desse gatene kryssa kvarandre, forsterka kjensla av rom og storlinja former i bysenteret. Vern om grøntanlegg i skråninga mellom Kjøpmannsgata og bryggerekka ved Nidelva var eit anna trekk som han vurderte positivt. Til saman utgjorde dette unike verdiar for byen. Dei var ein arv frå barokkens byplanlegging i Europa, ein arv Pedersen fann det ønskeleg å føre vidare i det 20. århundret.

Sverre Pedersen var tidleg oppteken av landskap, utsikt og utsiktspunkt. Då han i vaksen alder skreiv ned minne frå sine unge år i Trondheim, gav han ei idyllisk og romantisk skildring av barndomsmiljøet og landskapet som omkransa heimen på Sandstad. Den gongen var det dyrka mark, hagar med bærbusker og vakre tre i området. Utsikten var fri mot fjorden, mot Munkholmen i vest og mot åsane ved Ranheim i aust. I sør såg ein Getzhaugen og høgdedraga Kuhaugen. Mot nord teikna Lade kyrkje og Lade gard seg mot himmelen. Det var ein fryd for barn å vekse opp i slike omgivnader.

Alt i gute- og ungdomsåra interesserte han seg for teikning og måling, ein hobby han dyrka også seinare. Han valde gjerne motiv til bileta frå dei nære omgivnadene på Lade, der han framheva nettopp utsikt og romkjensle i naturen. Denne naturopplevinga tok han med seg i sin profesjon som byplanleggar, og det har i ettertid blitt ståande som eit av kjennemerka på hans byplanar. Etter hans syn har slike miljøskapande faktorar så store estetiske verdiar og vesentleg innverknad på menneskeleg trivsel i kvardagen, at det var ein arkitekts og byplanleggars plikt å ta omsyn til dei ved planlegging og regulering. Dette særtrekket i hans arbeid har fått både ros og ris. Kritikk og anerkjenning frå kollegaer og studentar har kome i takt med ideal og trendar innafor byplanlegging som i det 20. århundret har svinga mellom klassisisme, modernisme og postmodernisme.

Sverre Pedersen planar inneheld element frå ulike ytterpunkt. Den storlinja strukturen med aksedragingar, opne plassar og utsikt høyrde til den klassiske, barokke tradisjonen. Dette er eit dominerande særpreg i hans

planar og har ført til at hans namn framleis blir stadig knytt til klassisismen. Andre sider som han arbeidde medviten med, har i seinare vurdering kome i bakgrunnen. Det gjeld omsyn til trafikk, vekt på hygiene og helsesame forhold som sol, lys og luft. Ein konsekvens av hans sosiale engasjement i boligspørsmålet, var at han gjekk inn for å bygge bustader i form av eigne heimar med moderne, praktiske innretningar plasserte i opne strukturar og småhusbebyggelse med hagar. Han delte gjerne byen inn i soner, men følgde ikkje sonedelingsprinsippet slavisk. Ei total vurdering av forholda i den individuelle byen avgjorde graden av sonering. Slik tilførte han dei barokkinspirerte planane element som teoretisk kan førast tilbake til fleire internasjonalt kjende namn og retningar, som t.d. Camillo Sitte, Alexander Klein, Werner Hegemann, til det engelske hagebyidealet og modernismen. I tillegg avspeglar det faktorar frå heimlege bustadtradisjon og byggeskikk, då eigne heimar på romslege tomter tradisjonelt stod sterkt som den ideelle boligformen i Noreg.

Lokal og regional byggeskikk både heime og ute høyrde med til område som Sverre Pedersen skaffa seg innsikt i. Som ung student i Hannover i 1901–02 gjekk han på eiga hand rundt i byen for å studere byplan og arkitektur. Han besøkte også andre tyske byar og registrerte dei store linjene i miljøet og festa seg ved arkitektoniske detaljar. Den same sansen for historiske og kulturelle verdiar i bygningar gjorde han gjeldande også i Trondheim. Her var han særleg oppteken av den eldre panelarkitekturen, og meinte det var vist lite forståing for den. Kring 1907 sykla og gjekk han rundt i byen og i nærliggande område for å teikne og fotografere eldre trønderske gardsanlegg og enkeltbygningar. Dei kom igjen som motiv i hans akvarellar og måleri, han skreiv om dei i pressa og heldt foredrag med lysbilete. Slik var han med på å vekke interessa for byarkitekturen i Trondheim. Når han seinare blei styremedlem av det lokale museumslaget, hadde han høve til å aktivisere seg meir direkte i vern om eldre bygningar. Han var med på å måle opp Stiftsgården i Trondheim i tida 1907–09. Seinare var han i mange år tilsynsmann for dette eineståande trepaleet, eit arbeid han fekk Kongens fortensmedalje for etter den andre verdskrigen.

Først kring 1908 gjekk han for alvor inn for å spesialisere seg i byplanlegging. Han hadde då studert i Tyskland og var orientert mot kontinentet, men eit studieopphald hos ark. Per Olof Hallman i Stockholm gav han likevel nyttig innføring i moderne byplanarbeid hovudsakleg basert


på Camillo Sittes tankar. Hallman hadde alt i 1895 overført Sittes idear til Sverige gjennom talar og artiklar, og han nytta dei i praksis. Opphaldet var dessutan ein milepel for Pedersen då han heretter ~~hadde byplanlegging~~ kom til å konsentrere seg meir om byplanar enn om tradisjonelle arkitektoppdrag. Grunnlaget for hans innsats for norsk byplanlegging var lagt.

Alt eit par år seinare deltok han saman med den svenske ingeniøren Fritz William Berger på den skandinavisk/finske konkurransen om byplan for den sør-austre delen av Trondheim. Dei oppnådde å få første innkjøp, men ingen premie. Sidan Pedersen var tilsett som arkitekt i kommunen, arbeidde han med å gjennomføre den nye planen. Planen vart stadfesta i 1913. Denne konkurransen var den hittil største i sitt slag i Noreg, men det skulle raskt kome fleire. Den type tevlingar var ein vanleg arbeidsmetode i Europa, og den første i Sverige galdt Göteborg i 1901.

Norske fagfolk hadde fanga opp sentrale idear innafor byplanlegging i det første tiåret av 1900-talet, men behovet for større ekspertise var til stades. Det sette nye krav til utdanningstilbod, og tradisjonsrike universitet i Europa heldt kurs om byplanlegging. Sverre Pedersen deltok på eit slikt i Berlin 1913, der professorane Felix Genzmer og Joseph Brix var ansvarlege. Tidspunktet fall saman med starten på hans eiga undervisning ved NTH, så han fekk gode sjansar til å formidle den nye kunnskapen til norske arkitektstudentar. I tillegg var han ein flittig artikkelforfattar. Hans folkelege og lettfattelege språk om faglege emne set han i klasse med folkeopplysningas menn. Dessutan skapte han seg eit namn i Noreg gjennom deltaking i konkurransar som vart gjennomførte i fleire norske byar, t.d. Haugesund (1914), Bergen (1915), Stavanger (1916–18) og Drammen (1917). Der han sjølv ikkje sende inn utkast, var han gjerne jurymedlem. Han vart også direkte kontakta for å ta på seg oppdrag der konkurransar ikkje var tillyste, t.d. på Åndalsnes i 1918, eit oppdrag han utførte.

Det internasjonale gjennombrøtet for norsk byplanlegging og Sverre Pedersen kom med utstillinga i Göteborg i 1923. Fleire nordmenn deltok. Av planane Pedersen stilte ut, kan vi her nemne Lillegården i Trondheim i 1915/17 (fig. nr. 1) og Blindern frå 1923.

Lillegården er eit relativt lite område som den gongen låg i utkanten av Trondheim, men det er eit godt eksempel på hans byplanideal. Bydelen



Sverre Pedersen: Bebyggelsesplan for Lillegården. April 1917. (Boligsaken i Trondhjems kommune til og med aar 1917. Trondheim 1917).

var planlagt for kommunal oppføring av hus med små leiligheter. Planen var tilpassa terrenget som er vestvendt og delvis bratt eller skrånande. Landskapet er ope med framstående utsiktspunkt til domkirkeja,


Kristianstens festning, Nidelva og Trondheimsfjorden med fjella på den andre sida. Utsikten skulle utnyttast i totalbiletet for bydelen. Plassering av frittstående hus med hage, svungne gater og sporvegssamband med bysentrum viser at inspirasjon frå Ebenezer Howards hagebyidé og Camillo Sitte hadde fått gjennomslag i planen. Utsiktsaksen frå den offentlege bygningen ved bygrensa røpar at element frå barokken var tekne med.

Pedersens planlegging for det nye universitetet på Blindern innebar ein ny plan for den vestlege delen av Kristiania-Blindern området. I hovudaksen frå universitetet skulle det gå ein 1 1/2 km lang og strak park- og samanbindingsgate til byparken. Universitetet låg på ei høgd og terrenget fall slakt nedover mot parkområdet. Det var eit hovudsiktemål å fange inn utsynet over landskapet. Resultatet vart ein enkel, storlinja plan som viste at heilskapstenking var prioritert framfor detaljar. Enkeltbygningar var underordna ein totalitet der utsiktspunkt og landskapsformer vart deler av bybiletet. Planen vart ikkje realisert.

Sverre Pedersen heldt på sitt byplanmønster gjennom heile 1920-talet, det mangslungne tiåret som ved sida av ei oppblomstring av klassisismen, gav plass til modernismen i europeisk kunstliv og let funksjonalismen få innspel i byplanlegging og arkitektur. Dette førte til nye kollisjonar mellom tradisjon og nytenking, i Noreg merka ein motsetningar i arkitektmiljøet ved NTH. Dei unge studentane kravde nye studieopplegg som var i pakt med dei nye tankane i tida, og prof. Pedersen var blant undervisningspersonalet som kom i skotlinja. Motsetningane munna til slutt ut i ei semje der studentane til dels fekk sine krav innfridde.

På 1930-talet utarbeidde Sverre Pedersen ny midtbyplan for Trondheim etter funksjonalismens prinsipp. Detaljen i fig. nr. 2 viser total nyforming av bryggemiljøet ved Nidelva, der høghus er sette på pillarar og gatene er tilpassa moderne trafikk. Le Corbusiers idéar har kome fram i dette utkastet som det aldri blei aktuelt å gjennomføre. Utbygginga av Voldsminde i Trondheim på slutten av dette tiåret var også i tråd med nyare byplanteori, Pedersens bruk av lamellar var påverka av funksjonalismens bygge måte, og dei hadde sine føredøme i Tyskland.

Det mest omfattande oppdraget prof. Pedersen tok på seg, var gjenreisinga av byar som blei øydelagde av bombing i 1940. I løpet av få veker etter krigsutbrotet 9. april var 23 byar og tettstader skadde av krigshandlingar. Administrasjonsrådet vedtok å opprette eit statleg organ som



Ark. Trygve Strand: Framlegg til alternativ til bryggene ved Nidelva etter Sverre Pedersens planutkast, 1935.

skulle stå ansvarleg for å planlegge og bygge opp att byane, rådet skipa organisasjonen Brete Steders Regulering (BSR) og bad Sverre Pedersen ta på seg leiaransvaret. Han hadde dette frå 1. juli 1940 til 1. juli 1945. Norske arkitektar utførte arbeidet i BSR.

Dei var kome godt i gang med planlegginga då den tyske okkupasjonsmakta greip inn i den norske innanrikspolitikken i september 1940. Nokre planar låg alt ferdige for aprobasjon då tyske styresmakter gjorde krav på kontroll av planlegginga. BSR gjekk inn i ei form for samarbeid med dei tyske fagmennene. Sverre Pedersen gav etter for dette kravet for å sikre at dei norske planane skulle bli forma av nordmenn. Eit anna poeng for han var at det ville vere tenleg om planar låg klare så snart krigen var over så forholda tillet å starte gjenreisinga. Det skulle vise seg at den tyske kontrollen i praksis fekk liten innverknad på arbeidet som under heile krigen var i hendene på norske fagfolk. Også desse planane

hadde element frå klassiske føredøme med aksar og opne plassar. I tillegg avspegla dei modernismen i omsyn til moderne trafikk, i val av bygningstyper og plassering av desse i forhold til lys, luft og sol og i ein avgrensa bruk av sonering.

Det er ei kjend sak at oppgjeret etter krigen var vanskeleg. For di Sverre Pedersen hadde vore leiar av BSR som hadde drive sitt arbeid fram under heile krigen, blei han i 1945 klaga for sitt samarbeid med okkupasjonsmakta og for ei tid frådømd stillinga si ved NTH. Det hende trass i at han aldri var medlem av Nasjonal Samling.

Ei tid etter krigen tok han opp att sitt arbeid slik han hadde hatt det i mellomkrigstida. Skepsisen og motbøren han hadde møtt like etter 1945 gav seg, og han fekk førespurnader frå ulike landsdeler som før. Dei internasjonale kontaktene var også framleis til stades, og i 1956 fekk han invitasjon til å vere med i konkurransen om ny plan for Berlin sentrum. Han var då nær 75 år gammal. Hans forslag hadde den kjende samansettinga av barokkens akseanlegg, engelsk hagebyidé og enkelte element frå funksjonalismen. Det oppnådde ikkje premie på slutten av 1950-talet, men det er interessant at det nyleg (des. 1990—jan. 1991) — 20 år etter hans død — var representert på ei utstilling av byplanar i Berlin. Hans storlinja planløsning har fått ny aktualitet i det nye Tyskland. Planar av ny dato for Berlin har også aksedragingar og symmetri som særmerke. Professor Sverre Pedersen viste i sitt arbeid at han kunne kombinere vern om lokale og nasjonale verdiar med internasjonal orientering og forståing. Han ville heve nivået for norsk bybygging slik at den kom på høgd med det beste i internasjonal samanheng. For å nå dette målet, henta han inspirasjon frå europeiske storbyanlegg til relativt små byplanoppgåver i norske byar og tettstader. For han var det ikkje eit spørsmål om motsetnad mellom det lokale og det internasjonale, men om å tilpasse relevante, nye idéar til det som totalt sett var karakteristisk for det norske miljøet han hadde oppdrag for. På den andre sida oppnådde han å skape respekt for norsk byplanlegging i internasjonale fagmiljø. Likevel må ein kunne gi hans kritikarar ein viss rett når dei har hevda at han nytta sin kunnskap om utanlandsk byplanlegging selektivt. Han fann sine føredøme hovedusakleg i det historisk velkjende, og han dyrka kontakt først og fremst med kollegaer som han fagleg sett var mest på linje med. Han tok lærdom av moderne impulsar og prøvde seg på planlegging etter funksjonalismens ideal, men slike innslag fekk stort sett ei underordna rolle.

Sverre Pedersen var kjend for sin ekspertise i utlandet, men gløymde ikkje sine røter. Han meistra framande språk, men på heimebane brukte han sin lokale dialekt. Han var både trøndar og europear.

I sitt fag var han innom ulike moteretningar, men hans ungdoms byideal hadde sterkast gjennomslagskraft. Det stod ved lag til det siste, og var nær knytt til heimbyen som aldri miste sin posisjon i hans tilvere. I møte med pressa i høvet 80-årsdagen i 1962 uttrykte han sitt forhold til fødebyen slik:

«Jeg er så glad for at jeg født i Trondheim og har fått vokse opp her. — For det finnes vel ingen by i Europa hvor vi har fått slike tumleplasser for barn og slike utsyn. Man må jo nesten bli reguleringsekspert av å bo i Trondheim.»

(Adresseavisen 01.08.62)

Referansar:

Adresseavisen 01.08.1962:

«Vi har en arv å forvalte! Professor Sverre Pedersen har regulert 100 byer og tettbebyggelser, men er still going strong. Og i Cicignons byplan finner han genistreken».

Usign.

Dagens Nyheter, 16.05.1919:

«Arkitekt Hallman 50 år».

Usign.

Hegemann, Werner:

«Sverre Pedersen Ein Stadtbaumeister des zwanzigsten Jahrhundert». Wasmuths Monatshefte für Baukunst. Berlin 1925. s. 49—53.

Pedersen, Sverre:

«Kladd til et byplanverk». Manus i Pedersens arkiv, NTH.

Pedersen, Sverre:

Levnedsskildringer fra 1882 til 1945. Upubl. manus. Noko er datert 03.1925, komplettert i mars 1945, noko er skrive etter krigen. Pedersens arkiv, NTH.

Tvinnereim, Helga Stave:

Det nye Molde. Volda 1986. Doktoravhandling, ikkje publ.

Munnleg informant:

Dir. Marie Pedersen. Prof. Sverre Pedersens søster. Samtalar april 1989.